




Møre og Romsdal  
fylkeskommune

# Bibliotek og berekraft

Erfaringar, anbefalingar og eksempel frå fire folkebibliotek  
i Møre og Romsdal



# Innholdsliste

<b>Introduksjon til prosjektet</b>	<b>2</b>
<b>Proessen</b>	<b>2</b>
<b>Erfaringar og anbefalingar frå prosjektet</b>	<b>3</b>
<b>Case – eksempel frå prosjektet</b>	<b>7</b>

# Introduksjon til prosjektet

Møre og Romsdal fylkeskommune fekk i 2021 tildelt prosjektmidlar frå Nasjonalbiblioteket til å drive prosjektet «Bibliotek og berekraft i Møre og Romsdal» saman med folkebiblioteka i Sula, Hareid, Sunndal og Ålesund kommune.

## Proessen

*«Vi skal helt klart fortsette å jobbe med bærekraft! Det er blitt en naturlig del av alt vi gjør. Bærekraftsmålene hjelper oss å forankre arbeidet i noe som gjelder utover oss selv og det bidrar til å synliggjøre arbeidet vårt til politikere og administrasjon i kommunen.»*

Lina Engelsrud, biblioteksjef i Sunndal kommune.

Prosjektet hadde oppstart i mai 2022, og vart avslutta i desember 2023. Oppstart av prosjektperioden bestod av fleire digitale og fysiske fagpåfyll om berekraft for alle biblioteka i Møre og Romsdal. For dei fire biblioteka som deltok i sjølve prosjektet vart det arrangert tre fysiske samlingar, samt fleire digitale rettleiingar undervegs. Samlingane bestod av fagleg påfyll, strategisk arbeid med berekraftsmåla, [KPI-analysar](#) utarbeidd gjennom U4SSC – eit FN-program som måler status i kommunane i høve FN17, folkehelse- og oppvekstprofil samt gjennomgang av kommuneplanar til dei aktuelle kommunane. Biblioteka kunne få utdelt inntil 100 000 kroner kvar til å gjennomføre ulike tiltak basert på strategiske val knytt til berekraftsmåla.

Proessen vart leia av seksjon for arkiv, bibliotek og museum frå Møre og Romsdal fylkeskommune.

Hovudtrekk i arbeidet med proessen for dei fire biblioteka som deltok i prosjektet:

- a) Deltaking på fagleg påfyll om berekraft og bibliotek.
- b) Gjennomgang av berekraftsmåla og knytte dei opp mot arbeid ein gjer eller kan gjennomføre i biblioteka.

- c) Gjennomgang av KPI-analyser, folkehelse- og oppvekstprofil og kommuneplan for den enkelte bibliotek si kommune.
- d) Velgje ut satsingsområde basert på resultat frå gjennomgang av ulike rapportar som seier noko om kva utfordringar kommunen har, og knytte dette opp mot aktuelle berekraftsmål.
- e) Biblioteka måtte skrive eigen prosjektskisse, som innehaldt mål for prosjektet, lokal forankring og ein konkret prosjektbeskriving med aktivitetsplan og budsjett.
- f) Gjennomføring av tiltak hos dei ulike biblioteka.
- g) Evaluering og rapportering av tiltaka og prosessen.

Hensikta med prosjektet var at biblioteka i Møre og Romsdal skulle få god kjennskap til FN sine berekraftsmål, og at biblioteka som deltok i prosjektet var i stand til å arbeide strategisk med berekraftsmåla. Som eit resultat av dette skulle biblioteka bli meir synlege i kommunane sitt berekraftsarbeid, og vere i stand til å utvikle tiltak og nye publikumsretta tilbod på bakgrunn av kommunane sine KPI-analyser, i samarbeid med andre interessentar og målgrupper. Denne rapporten samlar erfaringar, anbefalingar og eksemplar frå prosjektet som kan bli brukt av andre bibliotek som ein modell for korleis ein arbeider med berekraft i biblioteksektoren.

## **Erfaringar og anbefalingar frå prosjektet**

Gjennom midtvegsevaluering, sluttevaluering og rapportering er det samla inn erfaringar frå prosjektet. Her blir åtte punkt trekt fram som særleg viktig for gjennomføring av prosjektet.

1. Bruke ein kombinasjon av ulike rapportar for å finne satsingsområde
2. Prosjektleiing frå fylkeskommunen har vore viktig
3. Viktig å vere fleire som jobbar saman i prosjektet, samtidig er det vanskeleg å engasjere andre i kommunal sektor til å delta i prosjektet

4. Sette av nok tid vart ei utfordring
5. Viktig å samarbeide på tvers, også med frivillige lag og organisasjonar
6. Det meste av det biblioteka allereie gjer er berekraftig – men ikkje alle er bevisst å knytte arbeidet dei gjer opp mot berekraftsmåla
7. Synlege hjelpemiddel for å fremme berekraftsmåla
8. Stor friheit i val av satsingsområde

## **1. Bruke ein kombinasjon av ulike rapporter for å finne satsingsområde**

KPI-analyser utarbeidd gjennom U4SSC, eit FN-program som måler status i kommunane i høve FN17, vart utfordrande å bruke for kulturfeltet. Gjennomgangen av analysane gav god innsikt i korleis dei andre delane av kommunen jobbar og fungerer, men sa lite om kva ein kan gjere innanfor sosial berekraft. Ein anbefaling frå oss vil vere å bruke ein kombinasjon av KPI-analyser, folkehelse- og oppvekstprofil og eigne kommuneplanar, det vil seie meir om «kor skoen trykker». Forankring og mål er noko vi har arbeidd mykje med gjennom prosjektperioden, dette har vore til stor hjelp for biblioteka for å få gjennomført sine prosjekt. Vi vil anbefale å bruke god tid på forankring, mål og utarbeiding av prosjektbeskrivingar i oppstarten av nye prosjekt. Dette vil hjelpe til med å sette biblioteket si verksemd inn i eit større perspektiv.

## **2. Prosjektleiing frå fylkeskommunen har vore viktig**

Alle biblioteka som har deltatt i prosjektet har peika på at oppfølginga dei har fått frå fylkeskommunen i prosjektperioden har vore svært viktig. Særleg har dei hatt nytte av oppfølging på det som gjeld praktisk prosjektstyring, og dei har tileigna seg ny kunnskap om dette i prosjektet som dei tek med seg vidare. Biblioteka har undervegs følt seg trygge på at dei har hatt ein støttespelar i ryggen dersom dei har trengt det. Samlingane i prosjektgruppa har hjulpet dei til å løfte blikket og sjå korleis biblioteket kan vere ein bidragsytar i kommunane sitt berekraftsarbeid. Vår anbefaling er å sørge for tett oppfølging, og at prosjekteigar er lett å få tak i undervegs, til dømes gjennom å opprette ein eigen chat i Teams for å kunne gjere kjappe avklaringar.

### **3. Viktig å vere fleire som jobbar saman i prosjektet, samtidig er det vanskeleg å engasjere andre i kommunal sektor til å delta i prosjektet**

Dei som jobba saman med andre i prosjektet rapporterte at det var lettare. Fleire har jobba aleine, eller med andre frå kommunen. Fleire rapporterer at det er vanskeleg å kople på andre frå kommunal sektor i prosjektet, dersom ein ikkje hadde dei med seg frå start. Det anbefalast derfor å vere svært tidleg ute med å ta kontakt dersom ein veit om aktuelle samarbeidspartnarar internt i kommunen. Det vil også vere ein fordel å få forankra prosjektet høgare opp i systemet før ein sett i gong.

### **4. Sette av nok tid vart ei utfordring**

Alle biblioteka som deltok nemnte i si evaluering at det kunne vere vanskeleg å få satt av nok tid til å arbeide med prosjektet. Dette kan ha ein samanheng med at tre av kommunane som deltok i prosjektet er relativt små og har få tilsette ved biblioteket. Det kunne derfor vere vanskeleg å prioritere prosjektet i ein hektisk kvardag, særleg om ein ikkje har andre tilsette å støtte seg på.

Biblioteka som deltok sa likevel at oppfølginga frå fylkeskommunen gjorde at dei prøvde å prioritere prosjektet så mykje som mogleg. Vi vil anbefale at det settast av tid i eit årshjul for å sikre at ein har ressursar til å arbeide prosjektbasert. Då vil ein ha moglegheit til å vere med på prosjekt, utan at det går utover dagleg drift. Å planlegge drifta i eit årshjul gir god oversikt og rom for prioriteringar, noko som også bibliotek som deltok i vårt prosjekt opplevde.

### **5. Viktig å samarbeide på tvers, også med frivillige lag og organisasjonar**

Å knytte til seg nye samarbeidspartnarar har vore ein viktig del av prosjektet. Det har gitt ein stor verdi for biblioteka å få inn nye samarbeid, dette er noko som er med på å skape meir aktivitet og engasjement hos innbyggjarane, noko som igjen skapar meir aktivitet og verkar inspirerande på biblioteka.

Å synleggjere prosjektet i eigne media og lokalmedia er viktig for å skape merksemd og rekruttere nye samarbeidspartnarar. Vi anbefaler å vere open for innspel frå



lokalsamfunnet, og å bruke kvar anledning ein har til å fortelje om prosjektet og gi rom for medverknad.

## **6. Det meste av det biblioteka allereie gjer er berekraftig – men ikkje alle er bevisst å knytte arbeidet dei gjer opp mot berekraftsmåla.**

I starten på prosjektet var det vanskeleg for biblioteka å sjå korleis dei kunne arbeide med berekraftsmåla, det vart rett og slett for diffus og det var vanskeleg å vite korleis ein skulle begynne. Å diskutere og sette berekraftsmåla opp mot ulike satsingar og utfordringar i den enkelte kommune gjorde at biblioteka kunne tenkte strategisk i høve berekraftsmåla, og dei fekk løfta blikket ut av eigen verksemd og sjå seg sjølv i høve heile kommunen og lokalsamfunnet.

Vår anbefaling er å knytte arrangement og tilbod i den dagelege drifta opp mot FN17, og synleggjere dette på nettsider, sosiale media, i biblioteklokala og på arrangement. Dette vil vere med på å tydeleggjere biblioteket si rolle som berekraftsaktør.

## **7. Synlege hjelpemiddel for å fremme berekraftsmåla.**

Alle biblioteka i prosjektet fekk tilbod om berekraftsesker som vart betalt av prosjektet, som dei kunne bruke under arrangement og ha ståande i biblioteket. Dette var med på å synleggjere satsinga på berekraft, og det er ein enkel måte å vise at FN17 er eit viktig satsingsområde for biblioteka.

På [FN.no](https://fn.no) kan ein laste ned grafikk til fri bruk til informasjonsformål om berekraftsmåla.

## **8. Stor friheit i val av satsingsområde**

Biblioteka i prosjektet vårt stod ganske fritt til å velje satsingsområde for eigne prosjekt, så lenge dette var forankra. Vi valte heller ikkje å ha nokon restriksjonar på kva berekraftsmål biblioteka kunne arbeide med. Dette gjorde at vi hadde gjennomgang og idémyldring kring alle berekraftsmåla opp mot utfordringar og satsingsområde i den enkelte kommune, noko som gav biblioteka våre god innsikt i kva dei burde satse på vidare.

# Case – eksempel frå prosjektet

Folkebiblioteka i Hareid, Sula, Sunndal og Ålesund kommune hadde arrangement og tiltak knytt til prosjektet gjennom 2023. Her blir eksemplar frå kva biblioteka har gjennomført presentert.

## **Hareid bibliotek – Hareid mot 2030**

Hareid bibliotek var den einaste av dei som deltok i prosjektet som jobba saman med berekraftskoordinatoren i kommunen, og involverte fleire frå same eining i planlegging og gjennomføring av prosjektet.

Prosjektet fekk namnet «Hareid mot 2030» og bestod av tre fokusveker der dei skulle gi innbyggjarane gode tiltak og motivasjon til å byrje å endre levevanane sine til eit meir berekraftig levevis fram mot 2030. Prosjektet vart delt opp i følgjande tre fokustema og skulle gjennomførast med ei temaveke kvar utover i prosjektåret:

- 1) Sirkularitetsveke: Denne veka vart starta med ein stor loppemarknad i samarbeid med ungdomsarbeidar i kommunen. Det vart oppretta eit gjenbrukstorg på biblioteket i samarbeid med Søre Sunnmøre Reinhaldsverk som var i bruk gjennom heile 2023. I samarbeid med UKM og kulturkonsulenten i Hareid kommune vart det arrangert workshop i trearbeid og redesign. Ulike foredrag gjennom veka vart haldt, med fokus på sirkularitet og fast fashion. Veka vart avslutta med fikselaug på biblioteket i regi av Hareid og Ulstein husflidlag der folk kunne få hjelp til å reparere klede.
- 2) Temaveker om Grøn mobilitet og Kortreist mat og sjølvforsyning vart ikkje gjennomført som planlagt.

Hareid fekk god merksemd om prosjektet i media, og fekk gjennom prosjektet meir fokus på berekraft i det daglege arbeidet på biblioteket. Dei har fått fleire nye samarbeidspartar som dei vil jobbe med framover, både internt i kommunen og med frivillige lag og organisasjonar.



Dei opplevde det som utfordrande å vere få tilsette på eit større prosjekt som krevjar mykje planlegging og arbeidskapasitet for å få gjennomført nye tiltak og tilbod. I ettertid ser dei at det er ein del av drift og andre tilbod dei har som kunne i større grad vore knytt opp til prosjektet.



**Figur 1:** Foto: Ole-Ottar Høgstavoll, Vikebladet og Kersti Hasund. Arbeid med berekraft på Hareid folkebibliotek.

### **Sula bibliotek – Bibliotek og berekraft**

Sula bibliotek starta prosjektet med å lage ein langsiktig plan for heile året. Fokuset var å ha fire berekraftsveker med ulike tema gjennom 2023. Frå prosjektplanlegging til gjennomføring vart det endra frå veke til månad for å få betre tid til å gjennomføre planlagde aktivitetar.

- 1) Dyrkeveke: Opning av frøbibliotek og frøsåingskurs som vart fulgt opp med frøhaustekurs om hausten. Foredrag om grønne planter som nådde eit nytt publikum i Sula kommune i mars.
- 2) Bytteveke: Foredrag om boka «Klimaglede» for å sjå spørsmålet rundt klima og berekraft i eit positivt syn. Dei arrangerte også for første gong «Den store klesbyttedagen» og ein eigen løikebyttedag i april.
- 3) Sosial veke: I anledning verdsdagen for psykisk helse som var eit av satsingsområda for Sula kommune vart det arrangert språkkafé, kaffevenn, strikkekveld for ungdom, litterært pusterom, datakafé og foredrag om psykisk helse i oktober.

- 4) Gjenbruksveke: Det var gjennomført sykurs for nybegynnere og temakveld om redesign. Dei opna også «berekrafts-lab» i biblioteket i november.

Sula bibliotek har blitt meir bevisste på berekraft, og som etter prosjektet gir seg utslag i måten dei tenker på, og kva for nye tilbod dei vil fokusere på å presentere i biblioteket framover. Biblioteket blir opplevd som ein viktig berekraftskaktør internt i kommunen, men også av nye brukarar som har funnet vegen til biblioteket gjennom prosjektet.



**Figur 1:** Foto: Sula bibliotek. Opning av frøbibliotek med ordførar og «Den store klesbyttedagen» på Sula bibliotek.

### **Sunndal folkebibliotek**

Sunndal folkebibliotek valte å ha fokus på berekraft gjennom fire årstider. Planen var å ha ulike arrangement med fokus på satsingsområda frå dei ulike rapportane og berekraft.

- a) Vinter: God natt på biblioteket med lesestund og kveldsmat for dei yngste, oppstart av frøbibliotek og foredrag om plantelykke.
- b) Vår: Ny handarbeidskrok med symaskinar, to temakveld om vald i heimen og sjølv mord.
- c) Sommar: Vaksenopplæring og mini-pride.
- d) Haust: «Mend-it-tour» med fokus på gjenbruk og reperasjon av klede, «Suppe på torget» i samarbeid med fleire frivillige lag og over 200 besøkande, og temakveld om brystkreft og prostatakreft, samt opning av berekraftshemsa som vart bygd av den lokale tømrrarlinja frå den lokale vidaregåande skolen. Hemsan har 17 innebygde hyller som er tileigna kvart sitt berekraftsmål og skal bli brukt til formidling berekraftsmåla gjennom litteratur og bøker som står i kvar si hylle.

Sunndal folkebibliotek valte ut berekraftsmål #3 God helse og livskvalitet, #5 Likestilling mellom kjønna, #10 Mindre ulikheit, #11 Berekraftige byer og lokalsamfunn, #12 Ansvarleg forbruk og reproduksjon og #17 Samarbeid for å nå måla. Dei tematiserte og formidla berekraftsmåla gjennom arrangement, som fekk ein forankring dei tidlegare ikkje har hatt.

Erfaringa frå prosjektet er at det har vore inspirerende, gøy og kravande å delta. Det var inspirerende fordi det gav dei eit meir konkret utgangspunkt for å jobbe med noko kommunen skal jobbe med på eit overordna plan, men som biblioteket tidlegare mangla ein form på. Ved å sjå på korleis ein jobbar med berekraftsmåla lokalt, fekk arrangementa på biblioteket meir tyngde.

Det var gøy fordi responsen på prosjektet var god. Dei fekk til samarbeid med frivillige, organisasjonar og andre kommunale tenester. Berekraftsmåla gav dei som deltok i prosjektet eit utgangspunkt for å oppdage korleis dei utfyller og treng kvarandre for å synleggjere det dei jobbar med.

Det var også kravande å halde i tråden og sette ramma for prosjektet med involvering av alle samarbeidspartane. Gjennom auka merksemd for prosjektet vart det også fleire som kom med nye idear og forslag til arrangement, og der biblioteket hadde oppfordra til dette vart det også vanskeleg å takke nei til desse.

Sunndal folkebibliotek skal fortsette å jobbe med berekraftsmåla etter prosjektet. Det er blitt ein naturleg del av alt dei gjer, og hjelper dei med å forankre og synleggjere arbeidet dei gjer både for politikare og administrasjon i kommunen og til besøkande og innbyggjarane i Sunndal kommune.



**Figur 3:** Foto: Sunndal folkebibliotek. Redesign og frøbibliotek på Sunndal folkebibliotek.

### **Ålesundsbiblioteka – barnas frøbibliotek**

Ålesundsbiblioteka sitt prosjekt var delt i tre delar.

- 1) Frøbibliotekkrøkar: Dei ti folke- og kombinasjonsbiblioteka i Ålesund kommune blei alle tildelt 2000 kroner til innkjøp av diverse utstyr til frøbibliotekkrøkane. Denne delen av prosjektet tok noko tid å leggje til rette for dei ulike biblioteka, og for at biblioteka sjølve skulle kunne velje kva dei trengte.
- 2) Frøkurs for barnehagar: Kvart bibliotek fekk tilbod om å ha frøkurs for lokale barnehagar, og var ein stor suksess. Dette skjedde i samarbeid med Sagatun Gaard og de ulike bibliotektilsette som var ansvarlege på kvart bibliotek. Barna fekk til dømes trekke opp kvar sin gulrot frå jorda, og dei fekk vere med på å finne ut kva plantene trengte slik som jord, vatn og sol, og vart opplevd som svært lærerikt og underhaldande.



3) Utstyrsekkar: Desse blei laga ferdig til frøkurs for barnehagane, der barnehagane fekk låne sekken med seg etter at frøkurs var gjennomført. Sekkane inneheld frø, hageutstyr, bøker om frø, og rettleiingsmateriell for barnehagane. Sekkane vart seinare gjort tilgjengeleg for utlån i biblioteksystemet til Ålesund og Haram bibliotek.

Ålesundsbiblioteka har fått gode tilbakemeldingar på prosjektet, og fått synleggjort arbeidet med berekraft på biblioteket gjennom frøbibliotekkrone, saman med berekraftsmål-kassar som dei fekk gjennom prosjektet.

Ålesund kommune vart delt i to frå 01.01.2024, og både i nye Ålesund kommune og i nye Haram kommune ønsker dei å fortsette arbeidet med berekraft. Biblioteka i kommunen har gjennom prosjektet fått vere i bresjen for arbeidet med berekraft, som er eit av satsingsområda i kommunane.



**Figur 4:** Foto: Ålesundsbiblioteka. Lepsøy barnehage på frøbibliotekkurs og Barnas frøbibliotek på Ålesund bibliotek.



Møre og Romsdal  
fylkeskommune

---

[mrfylke.no](http://mrfylke.no) 15. januar 2023